



**Notat**

Dato: 13.07.2018  
Arkivsak: 2016/5342-7  
Saksbehandlar: fradahl

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmann

---

## **Styreforsikring**

Hordaland fylkeskommune har over lang tid nytta rådgjevar i samband med gjennomføring av konkurransar i forsikringsmarknaden og teikning av kontraktar på forsikring som dekkjer skade på ting og ulukker og uførutsette hendingar knyta til personar.

HFK sin rådgjevar skal også gje råd om kva for dekningar HFK bør ha. På denne bakgrunn vart det i på møte i Fylkesutvalet 24 mai 2012 i sak 125/12 fatta vedtak om å teikne styreforsikring på konsernnivå.

Styremedlemer har eit uavgrensa personleg ansvar for dei feila eller forsømingane eit styre måtte gjere. Medlemmer av styret kan til dømes kome i personleg erstatningsansvar overfor kreditorar, det offentlege, eigne tilsette og siste, men ikkje minst investorar og eigarar.

Styreforsikringa omfattar mellom anna:

- Den fastsette erstatningsutbetalinga som den sikra vert dømt til å betale tredjemann
- Kontinuerlig betaling av sakskostnader
- Kostnader i samband med forundersøkingar, frammøte under etterforsking, granskning etc. som forretningsverksemda er opphav til
- Krav mot den sikra sitt dødsbu eller krav mot ektefelle/sambuar sitt fellesbu
- Kostnader til den sikra sitt forsvar ved person- og tingskader

Forsikringssum er på 50 millionar NOK per skadetilfelle og per forsikringsår.

Det vert ikkje trekt eigenandel.

Forsikringa omfattar:

- Alle styremedlemene i selskap som vert eigmeldt av fylkeskommunen med meir enn 50%.
- Fylkeskommunen sine styrerepresentantar i selskap der fylkeskommunen eig 50% eller mindre

For meir detaljert informasjon vert det vist til gjeldande forsikringsbevis og forsikringsvilkår som ligg ved saka saman med Fylkesutvalssak 125/2012.